

Årsmøte Fagforbundet avd 472 Lærdal



FAGFORBUNDET

Dato: 27.01.25 kl 18:00

Stad: Lærdal Hotell

Til stades: 22 medlemmar og 1 representant frå fylke

Leiar ynskte velkomen.

Knut Remi Heimvik, seksjonsleiar Kyrkje, kultur og oppvekst på fylket, heldt eit lite innlegg.

Han takka tillitsvalde for arbeidet dei legg ned i løpet av eit år, og at det er viktig å stå saman for å få til viktige saker. Viktig å verve nye medlemmar, slik at forbundet framleis er store og beheld den makta me har i dag.

1. Godkjenning av kunngjering og innkalling

Medlemane fekk innkallinga på sms 27.12.2025

Innkallinga vart annonsert på facebookside til Fagforbundet Lærdal og mail 12.01.2026

Sakspapira vart publisert på heimesida 13.01.2026. Lenkje til heimesida vart publisert på facebook same dag. Lenkje til heimesida vart også sendt på sms og e-post til medlemane.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

2. Konstituering

Møteleiar: Lynn Norum vald.

Referent: Jan Steinar Hole vald.

Signering av protokoll: Jorunn Hatlevoll og Janne Marie Reppen.

3. Årsmelding

Nestleiar Sissel Klunderud las årsmeldinga for 2025.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent slik den låg føre.

4. Rekneskap

Kasserar gjekk gjennom rekneskapen for 2025.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent

5. Innkomne saker

Sak 1 – Tal møtande medlemmar til styret

Styret har i dag 13 medlemmar. Forslag om å kutte eit styremedlem, og at vara styremedlem ikkje møter fast. Styret vil då ha 11 medlemmar som møter fast.

Vedtak: Styret skal ha 11 medlemmar som møter fast.

Sak 2 – Kriterie for støtte til utdanning

Lokale fagforbund skal no ta over meir utgifter i samband med reiser til kurs og konferansar. Sidan ingen har nytta høve til å søkje om støtte til utdanning siste åra, føresler styret å legge ned denne ordninga og bruka budsjettmidlane til reiser, kurs, konferansar og opplæringar.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Sak 3 – Honorar til styremedlemmar som har fleire verv

Styremedlemmar som tek fleire verv i styret får utbetalt honorar for begge verva, men ikkje meir enn 10.000 kr.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

6. Handlingsplan 2025

Leiar gjekk igjennom handlingsplan for 2026.

Vedtak: Den vart godkjent slik den låg føre.

7. Budsjett 2025

Kasserar las gjennom budsjettet for 2026.

Vedtak: Budsjettet vart godkjent.

Styret fekk fullmakt til å omdisponere budsjettet for 2026 dersom behov.

8. Val

Det er vanskeleg å rekruttere til styret for tida. Alle medlemmar har fått henvendelse 5 gonger frå valnemnd, med berre svar frå 5 medlemmar. 2 takka ja til verv, 3 takka nei til verv.

Valnemnda gjekk igjennom sitt forslag for ulike verv, dei vart alle einstemmig valde

Leiar	Ketil Torbjørnsen	2 år	ny
Nestleiar/HTV	Lynn Norum	1 år	ny
Kasserar/Fane2	Lena Lamheller	2 år	gjenvald
Opplæringsansvarleg	Ingen kandidat, Lynn Norum tek oppgåver til kandidat på plass 1 år		
Ungdomstillitsvald	Mariell Tangen	2 år	ny
Vara:			
Pensjonist/uføretillitsvald	Jan Steinar Hole	1 år	
Vara:	Magny Bergstøl	1 år	
Styremedlem	Hilde Lysne	2 år	ny
Vara:	Sissel Klunderud	2 år	ny (ikkje møtande)
Seksjonsleiar YST	Lena Lamheller	2 år	ny
Vara:			
Seksjonsleiar YHS	Tone Wallevik	2 år	gjenvald
Vara YHS	Lynn Norum	2 år	ny
Seksjonsleiar YKA	Edel Ørbeck Mo	2 år	ny
Vara YKA	Beate Stølen	2 år	ny
Revisor	Jorunn Hatlevoll	2 år	ny
	Magnhild Aspevik	1 år	
Valnemnd:	1. Edel Ørbeck Mo	2 år	gjenvald
	2. Ingen kandidat, vert vald av styret seinare.		


Styret har fullmakt til å føreta suppleringsval om naudsynt.

Styre takker av 4 styremedlemmer for sitt arbeid i styret. Det er Jorunn Hatlevoll, Jorunn Sandøy Bjørkum, Renate Fossen og Sissel Klunderud.


Årsmøtet slutt 18.45

Jubilantar:

Lene Lysne, 25 års medlemsskap i Fagforbundet – blom og nål.



Signatur



Signatur